

Informasjon om prosjektet «Framtidig organisering av oppvekst»

Som dei fleste er kjend med, har kommunestyret vedteke at det skal bli gjort ei utgreiing av barnehage og skule i Sauda. Utgreiinga skal handle om kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.

Vidare skal utgreiinga gi ei vurdering av ulike alternativ for barnehage- og skulestruktur.

Kommunestyret har også bedt om at det blir henta inn erfaringar frå andre kommunar.

Det er Norconsult som har fått oppdraget med å finne ut korleis situasjonen er på dei ulike områda.

Kommunestyret er særst opptekne av involvering og medverknad i denne prosessen, både av barn/unge, tilsette og føresette. God informasjon er grunnlaget for å kunne vere involvert og medverke.

Informasjon om arbeidet

- [På heimesidene til Sauda kommune kan du lesa om prosjektet](#). Området blir jamleg oppdatert med aktuell informasjon.
- [Prosjektmandatet](#) gjer greie for kva informasjon og utgreiing kommunestyret har bedt om.

Viktige tidspunkt:

- Veke 11 (mars):
Spørjeundersøking blir sendt til alle føresette og tilsette i barnehagar og skular.
- 24. april:
Foreldremøte i Folkets Hus, delrapport 1 frå Norconsult blir lagt fram.
Kommunestyret får presentert funn tidlegare på dagen.
- 11. juni:
Folkemøte. Høyringsutkast.
- 24. juni – 02. august:
Høyringsperiode. Alle kan sende innspel.
- 21. august:
Folkemøte. Endeleg saksframlegg.
- 11. september:
Kommunestyret gjer sitt vedtak i saka om framtidig organisering av oppvekst i Sauda.

Kommunedirektøren vil koma tilbake med informasjon om det er behov for å endra datoar.

Beste helsing

Prosjektgruppa for framtidig organisering av oppvekst